

Referat SR 23-27/15

Dato: Torsdag 5. desember 2024

Tid: kl. 18:00 – 20:00

Stad: Sveio soknehus, Steinhaugvegen 10, 5550 Sveio

Saksliste:

Saksnummer

Sakstittel

SR 110/24 Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden

Desse møtte:

Rune Hjelmeseter
Solfrid Lier Habbestad
Bente Hovland Johannesen
Anne Vierdal
Hildur Larsen
Leiv Rossehaug
Arild Steinsland

Meldt forfall:

Sigrund Breistig
Kjell Gunnar Nymark (vara)
Lars Severin Reiersen (vara)
Lars Edvart Larsen (vara)

Ikkje møtt:

Astrid Yasmin Furdal
Rikard Stokkenes

Saker til eventuelt:

- Kake til innsettingsgudsteneste for ny prost den 19. januar
- Kyrkjevertgruppe – blir teke opp under sak 113/24 koordinator for kyrkjevertgruppene
- Registrering av adresse og kontonummer for møtegodgjersle

Vedtak:

Innkalling godkjent og dagsorden fastsett.

SR 111/24 Godkjenning av referat frå sist soknerådsmøte

Referat frå sist møte var sendt ut på e-post.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet utan merknader.

SR 112/24 Gudstenester sidan sist

Orienteringssak

Formål: Ein av soknerådet sine oppgåver er å sjå til at gudstenesta er utført godt.

Open runde der merknadar og spørsmål til gjennomførte gudstenester vart lagt fram.

Gudstenester sidan sist:

24. november kl. 11:00 – Reidar Ådnanes vikar

1. desember kl. 20:00 Lysmesse – Roald Drønen vikar

- Spørsmål om lysmessa må starte så seint, eller om den like godt kunne starta klokka 18.

- Spørsmål til at berre den halvparten av konfirmantane som skulle bidra i gudstenesta gjekk inn med kappe. Den andre halvparten skal bidra for Ung Messe.
- Kommentar til at vikarpresten under kunngjeringar sa at han ikkje visste noko om kva som skjer vidare.

SR 113/24 Utvalsmøte sidan sist*Orienteringssak*

Formål: få ei forståing av kva utvala i soknerådet jobbar med.

Utval:

Kyrkjeleg fellesråd

- Det har vore gjennomført 2 møter i fellesrådet sidan sist, eitt ekstraordinært og eitt ordinært møte, der ny leiar vart vald.
- På grunn av økonomiske utfordringar, skal det gjerast ein gjennomgang av alle stillingane, før ein lyser ut nokre fleire stillingar – 130 % kantorstilling redusert til 50 % grunna økonomi. Gjennomgangen vil vise om ein kan fordele kutta på dei administrative stillingane, for å unngå så stor reduksjon av kantorstillinga.
- Det er tilsett kyrkjelydspedagog i 70 % stilling, men startar først 1. august 2025
- Fellesrådet skal opprette eit AU av leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjevevje

Koordinator for kyrkjevertgruppene

- Kjell Gunnar Nymark trakk seg som leiar for gruppe 5 grunna sjukdom. Hildur Larsen sjekkar med dei andre medlemmene i gruppa om ein av dei kan overta funksjonen som leiar
- Viktig at vi stiller med nok brannvakter ved store arrangement – er det behov for meir opplæring innan brannrutinar for kyrkjevertane? Ved store arrangement bør presten opplyse om rømmingsvegar ved oppstart av gudstenesta. Soknerådet tek dette opp som sak på møtet i januar.

Trusopplæringsutval

- Neste møte 10. desember

Diakoniutval

- Har ikkje hatt noko ordinært møte sidan sist
- Diakonstillinga skal opp i kommunestyremøtet 16. desember for endeleg handsaming

SR 114/24 Status på arrangement*Orienteringssak*

Formål: sjekke status på kommande arrangement

Soknerådet har to kommande arrangement, julekonserten 8. desember og juletreffest 5. januar.

Julekonserten (Arild Steinsland orienterte):

2 kor stiller, Arild held andakt

Juletreffesten: (Bente Hovland Johannesen orienterte)

- Juletreffestkomiteen har hatt møte og planlagt juletreffest 5. januar klokka 16:00 og ønskjer at presten opplyser om dette i julegudstenestene. Soknerådsmedlemmene tek med kaffimat.

SR115/24 Oppussing av dåpssakristiet

Sak innmeldt av Solfrid Lier Habbestad som eventuelt-sak på sist soknerådsmøte.

Sakristiet er det første møtet dåpsfamiliar har med kyrkja.

Ønske om å gjere det til eit finare rom, som det er godt å kome inn i

Erstatte kjøkkeninnreiinga med eit lite kjøkken for å gje betre plass og trivelegare sitjegruppe

Vedtak: Soknerådet gjev Solfrid Lier Habbestad fullmakt til å gå vidare med planar for oppussing av dåpssakristiet og oppfølging av finansieringa

SR 116/24 Møteplan for første halvår 2025

Formål: Soknerådet må vedta ein møteplan for første halvår 2025

Leiar har sett opp eit forslag til møteplan. I forslaget har ein teke følgjande omsyn: dugnadsarbeid i Gjenbruksløa tysdagar, møter i Sveio bedehus onsdagar, ønskje frå påtroppande sokneprest Eirik Aadland Tappel.

Forslag:

Møtenummer	Dato
23-27/16	Torsdag 9. januar 2025
23-27/17	Torsdag 6. februar 2025
23-27/18	Torsdag 6. mars 2025
23-27/19	Torsdag 3. april 2025
23-27/20	Torsdag 8. mai 2025
23-27/21	Torsdag 5. juni 2025

Vedtak:

Soknerådet vedtok forslaget til møteplan, med møtestart klokka 17:30, ferdig 19.30.

SR 117/24

Eventuelt

Kake til innsettingsgudsteneste Stord kyrkje for ny prost den 19. januar 16:00

- Forslag om at soknerådet kjøper inn ei marsipankake, sidan Arild er glad i marsipankake (til 30 personar/1600 kr)
 - Anne Vierdal spør prostirådsleiar på Stord om ho kan bestille inn og sende rekninga til oss.
- Registrering av adresse og kontonummer for møtegodgjersle
- Anne Vierdal innhentar opplysningar for 2024
 - Leiar føl opp med registrering ved kvart møte frå januar 2025.

SR 118/24

Møtekritikk

Formål: få ein betre forståing for kva som fungerer og ikkje fungerer i møtegjennomføring. Her legg ein fram ris og ros frå møtegjennomføring.

Innspel om at det er viktig at medlemmene melder forfall når dei ikkje kan stille.

Referent:
Rune Hjelmeseter